

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	Ytra dine egne meningar skriftleg og munnleg, og å begrunna dei med passende argument Kjenna igjen ulike måtar å argumentera på Kjenna igjen dei retoriske verkemidla etos, patos og logos Ytra meininga di om eit tema som opptar deg, både skriftleg og munnleg
Engelsk	Lytta til og lesa i ei engelsk bok Skriva oppsummeringar med relevant informasjon Skapa ei eiga mening og argumentera for ho
Matematikk	Bruka likningar til å løysa eit matematisk problem, og kontrollera løysninga etterpå Bestemma eit punkt i eit koordinatsystem ved hjelp av koordinatar Plassera punkt i eit koordinatsystem ved hjelp av koordinatar Bruka koordinatar til å angi stadar i praktiske samanhengar Laga grafar ut frå praktiske situasjonar Les av ulike verdiar til punkter på ein graf
Samfunnsfag	Diskutera korles teknologi og menneske verkar i samspel Forklara kva berekraftsmåla er Presentera eit berekraftsmål
KRLE	Diskutera etiske spørsmål Forklara omgrep knytt til etikk
Naturfag	Forklara kva vi meiner med berekraftig energiutnytting Diskutera korleis energibruk og energiproduksjon påverkar miljøet.
Spansk	Seia kva du vil kjøpa Seia kva du vil ha / ikkje vil ha Spørja om kva noko kostar Snakka om mat og klede Kunna fargar på spansk Kunna lista opp verb med vokalforandring Forklara litt om mattradisjonar i Spania, Latin-Amerika og Noreg
Eng fordj	Forklara kva som gjer ein stad verd å besøka Bruka ord og uttrykk knytt til mat
Arbeidslivsfag	Skriva søknad på jobb og søka utplassering i bedrift til neste skuleår. Utforska eit yrke.
Kroppsøving	Trena på og utvikla ferdigheiter i volleyball Bruka egne ferdigheiter og kunnskapar på ein sånn måte at det kan medverka til framgong for andre.
K&H	<u>Broderi:</u> Finna motiv og laga mønster til eige arbeid Brodera eit mønster som liknar skissa og mønsteret ditt Laga prosessnotat <u>Skulptur:</u> Visualisera form ved hjelp av frihandsteikning og arbeidsteikning Formgje tre Bruka ulike verktøy og material på ein hensiktsmessig og miljøbevisst måte

	Vurdera haldbarheita til materialet Presentera val frå idé til ferdig resultat i eit enkelt prosessnotat
Kantine	Laga god og ernæringsriktig mat Halda god hygiene Jobba med rekneskap og plakatdesign Gjennomføra sal Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøakter
Fys.ak.	Øva på og gjennomføra bevegelsesaktivitetar aleine og saman med andre. Inkludera alle, samarbeida og oppmuntra medelevar til å delta i fysisk aktivitet.
Friluftsliv	Me avspaserer resten av skuleåret (etter turen i veke 19)
Programmering	Designa eit spel med eige design og funksjonalitet
Olweus	Språkbruk/kroppsspråk

INFORMASJON TIL HEIMEN

Eksamen på 10.trinn

Desse to vekene er det eksamen på 10.trinn. Det får ikkje stor innverknad på 8.trinn, men det er viktig at de viser omsyn til dei som skal gjennomføra denne viktige prøven og legg til rette for at dei får ro rundt seg. Derfor har de ikkje adgang til 10.trinn si avdeling desse vekene.

Turdag 16.mai

Torsdag 16.mai skal me på tur heile trinnet i lag. Me sykklar til TKS på Kverneland, og går opp til Ulvatjørn. Denne dagen kan dokke møta på skulen i klasserommet kl 8.30. Ha med sykkel med bremsar og luft, hjelm (NB!), gode tursko, nok drikke (ikkje energidrikk eller brus), sunn matpakke og klede som passer til veret. Hugs også solkrem! Dei som ønsker å ta seg ein dukkert kan ta med badetøy og handkle. Me gler oss til tur ilag!

17.mai

Me på Bryne ungdomsskule har ein sterk tradisjon for å visa igjen i barnetoget på 17.mai og konkurrera om premien for beste innslag, og me oppfordrar sterkt alle elevane på 8.trinn om å stilla opp og feira saman med resten av skulen. Fleire tilsette er også med og går i toget.

Det blir oppmøte utanfor Bryne stadion kl 9.15. Toget går kl 9.30.

Ta med deg flagget og møt opp i finstasen!

Fri måndag 20.mai

2.pinsedag

Helsing oss på 8.trinn

HEIMEARBEID VEKE 20	
Norsk	<p>Lever inn lesarinnlegget ditt på teams</p> <p>Jobb med appellen din</p> <p>Begrepstest: <i>etos, patos, logos, appellform, fleirtalsargument, faktaargument, tradisjonsargument, parallellargument, fornuftsargument, ekspertargument, målgruppe</i></p>
Engelsk	<p>Complete your front-page and the manuscript for your presentation. Hand in on teams.</p> <p>Practice your presentation using keywords.</p>
Matematikk	<p>Likningar med fleire brøkar og kontrollera løysninga på ei likning</p> <p>Oppgåveboka 145- 147, oppg. 3.181, 3.182, 3.183, 3.189</p>
KRLE	<p>Førebu deg til KRLE prøva i neste veke. Du finn læringsmål og øvingsmateriale på OneNote.</p>
Naturfag	<p>Les s. 169, 170 og 171, fram til fornybare energikjelder i Solaris 8.</p> <p>Forklar med egne ord kva vi meiner med berekraftig energiproduksjon og energibruk.</p> <p>Skriv på OneNote under heimearbeid veke 20</p>
Spansk	<p>Skriv om skulen din, cirka 40 ord. Dette skal du bruka til samtalen om skulen i uke 22. Sjå målarket</p>
Eng fordj	<p>Skriveøkt tysdag om ein stad du har lyst til å dra til</p>
Arbeidslivsfag	<p>Skriv ferdig jobbsøknaden din og søk jobb i bedrift. Hugs å få fylt ut arbeidskontrakten og få underskrift heime. Kontrakten skal leverast til Iselin.</p>
Kroppsøving	<p>Gym: Volleyball</p> <p>Symjing: Oddetalsveker: 8 A+B. Partalsveker: 8 C+D.</p>
Fys.ak.	<p>Sjå info på teams</p>
Programmering	<p>Begynn å jobb med produktet du skal levera inn i løpet av veke 21. Sjekk vurderingskriteria på ON.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Video som demonstrerer spelet og tilhøyrande vurderingar - Skjermbilete av koden din

HEIMEARBEID VEKE 21	
Norsk	Les 30 minutt i boka di Jobb med appellen din. Øv godt på sjølve framføringa
Engelsk	Prepare for your presentation Write two paragraphs where you compare yourself or a fictional character with Christopher Boone (the protagonist in <i>The Curious Incident of the Dog in the Night-Time</i>)
Matematikk	Problemløysing og likningar Oppgåveboka s. 149 og 150, oppg. 3.109, 3.191, 3.192 og 3.193
Samfunnsfag	Du får eit berekraftsmål av læraren din. Dette målet skal du presentera i ein video du skal levera neste veke. Start på oppgåva no, og bruk målarket.
KRLE	KRLE prøve på fredag. Læringsmål og øvingsmateriale på OneNote.
Spansk	Skriv om skolen din. Cirka 40 ord. Dette skal du bruke til samtalen om skolen. Se målarket. Innlever alle tekstene om skolen på Teams (Gonzalo) eller Onenote (Kristian)
Eng fordj	What is your favourite food, and why? Write three paragraphs, and add a recipe.
Arbeidslivsfag	Hugs å få fylt ut arbeidskontrakten og få underskrift heime. Kontrakten skal leverast til Iselin.
Kroppsøving	Gym: Volleyball Symjing: Oddetalsveker: 8 A+B. Partalsveker: 8 C+D.
Fys.ak.	Sjå info på teams
Programmering	Gjer ferdig og lever inn produktet ditt i løpet av veka. Sjekk vurderingskriteria på ON. Du skal levera: - Video som demonstrerer spelet og tilhøyrande vurderingar - Skjermbilete av koden din

